



VI BYGGJER ALVER KOMMUNE

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

ArkivsakID/ JplID: 19/13 19/7714

Dato:
04.04.2019

Felles innspel frå dei tre Alver-kommunane: Radøy, Lindås og Meland

Høyringsutkast til felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024

Viser til brev datert 12.3.2019, om høyring med frist for innspel den 5.4.2019.

Ein ny og felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar i kommande Vestland fylkeskommune, er eit sentralt spørsmål innan kultur- og idrettsfeltet. Ein føreseieleg og tenleg tildelingsprosess for spelemidlane er avgjerande for langsiktig og god anleggsutvikling, både for offentlege og private anleggseigarar og -utviklarar.

Visjon, mål og verkemiddel i anleggsutviklinga, og tiltakslista

Ein aktivt anleggs- og samfunnsutviklande fylkeskommune er viktig for god samhandling og oppdatert og tenleg utvikling. Prinsippa for Vestland fylkeskommune si rolle (3.1) er etter vårt syn gode. Det same gjeld delmåla for anlegg (3).

Fordelinga av spelemidlar mellom nærmiljøanlegg og ordinære anlegg er i utgangspunktet tenleg, men ein bør vurdere om delen til nærmiljø kan aukast for å styrke høva for differensiering i aktivitetstilbodet.

Når det gjeld vurderinga knytt til eit regionalt program for basseng og idrettshallar, ser vi at det kan vere positive effektar knytt til regional stimulering og utviklingsstøtte ved kostnadskrevjande anlegg. Vi er likevel avventande til kva for rolle eit program vil kunne ha for spelemiddelnøkkelen, der vi vil understreke det sentrale i at kommunane si prioritering må vere gjeldande. Hovuddelen av finansieringa ligg oftast lokalt.

Vidare er fylkeskommunen ein viktig samspelepart ved utarbeiding av kommunale planar for idrett. Fylket sitt fokus på kompetanseutvikling og ei tydeleg rolle i anleggsutviklingsspørsmålet,

vil kunne sørge for å ta vare på regionale samanhengar ved anleggsutviklinga gjennom tett fagleg samarbeid og tydelege kriterium for tildeling, til dømes i høve til regionsenterutvikling.

Dei framlagde fylkeskommunale kriteria for fordeling av spelemidlar er etter vårt syn gode, og vil sikre ei føreseieleg, oppdatert og utviklande anleggsutvikling, med omsyn til lokale prioriteringar, satsing på nærmiljøanlegg og gode tilhøve for utvikling av friluftslivsfeltet. Vi vil likevel peike på at formuleringa under punkt 1 (4.6), kan verke uklar. Vi tek i dette innpelet utgangpunkt i at formuleringa viser til at ein vil følgje den kommunale prioriteringa.

I hovudsak stiller vi oss bak tiltakslista, og ser fram til god felles innsats for fleire dagsturhytter og oppstart av Friluftslivets ferdselsårer.

Situasjonen i Vestland fylke

Differensiering av idretts- og aktivitetstilbodet, særleg med omsyn til ungdom, er ei viktig utfordring. Eigne verkemidlar for å stimulere dette vil kunne ha positiv verknad på denne viktige problematikken. Tiltak som stimulerer lokale utlånsordningar vil vere av stor nytte.

Satsing på nyskapande aktivitetsarenaar, saman med god og oppdatert kunnskap, tett medverknad og involvering av lokalsamfunna, kan vere ein framtidsretta måte og møte utfordringar ved inaktivitet og mangel på gode sosiale møteplassar.

Utbygging og rehabilitering av skular gir høve til å utvikle nye idretts- og nærmiljøanlegg. Ei styrka regional satsing på dette vil vere positivt, med gode forbilde og oppskrifter på medverknad, som ved *teikn ditt skuleområde*. Bygging av idrettshallar i tilknytning til skular kan vere ein god måte å sjå hallbehova i samheng med andre viktige samfunnsprosjekt, òg gjerne med satsingar knytt til fleirbruk, fysakfunksjonar, møterom og lokale tilpassa anna kulturaktivitet, som kulturskuleundervising og ungdomsklubbar. Elevar ved vidaregåande skular er òg viktige brukarar av idrettsanlegg, og fylkekommunen kan her òg ha ei rolle ved utviklinga av visse typar anlegg.

Klimatilpassing og miljøomsyn ved anleggsutviklinga vil verte eit viktig saksfelt i åra framover, som elles i samfunnet. Det er positivt om Vestland fylkeskommune kan ta ei utviklarrolle på dette feltet, for å bistå kommunane i slike spørsmål. Særleg spørsmål knytt til granulatbanar er høgaktuelle lokalt, men òg omsyn knytt til naturskade.

Innbyggjarane i Nordhordland har oftast god tilgang til nærturterreng. Likevel er satsing på grøntområde i tettstadar og fokus på utvikling av friområde og grønne lungar, gjerne tilrettelagde for aktivitet, viktige spørsmål ved samfunnsutviklinga framover også i vår del av det nye fylket.

Den årlege *Dialogkonferansen* i Hordaland har vore ein viktig møteplass for kommunane, for erfarings- og kunnskapsutveksling, og nettverksbygging. Særleg for nye medarbeidarar som skal setje seg inn i saksfeltet, er denne møteplassen av høg verdi.

Til sist ønskjer vi å peike på at vi ser «Aktiv kvar dag» som ei svært god visjonsformulering, med eit breitt utsyn for aktivitet i folks kvardag. Med forteiknet *fysisk* kan ein avgrense bruksområdet for ein visjon som òg har betydd mykje lokalt.

Lukke til vidare med dette spanande og viktige arbeidet.

Eirik Bouwer Utne
Kultursjef
Meland kommune
Alver kommune

Bente Kopperdal Hervik
Rådgjevar kultur
Radøy kommune

Eileen Feste
Konst. kultursjef
Lindås kommune

Atle Vaage
Fagleiar idrett/grønt
Lindås kommune